

Saksprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 12.12.2016
Arkivsak: 16/3461

Sak: 71/16

SAKSPROTOKOLL - BUDSJETT 2017 OG ØKONOMIPLAN 2017-2020

Formannskapet, 28.11.16 sak 89/16

TILRÅDING til kommunestyret:

1. A Forslag til budsjett for 2017 og økonomiplan for 2017-2020 i skjema 1A, 1B, 2A, og 2B vert godkjent med innarbeida endringar.
B *Nettoramme* for kvart rammeområde for 2017 vert lagt til grunn i utarbeidinga av rammene for 2018.
2. Forskottsskatt og forskottstrekk på formue og inntekt vert rekna etter dei maksimale satsar Stortinget vedtek for 2017.
 - Skatt på inntekt 11,8 %
 - Skatt på formue 0,7 %
3. A Til finansiering av investeringar i 2017 vert det godkjent eit samla låneopptak på kr 162.102.000,- som fordeler seg slik:

1. Ordinære investeringar.....	kr 89.602.000,-
2. VAR-investeringar.....	kr 24.900.000,-
3. Bustader Husbanken.....	kr 22.600.000,-
4. Lån til vidare utlån frå Husbanken (Startlån)	kr 25.000.000,-

B Nedbetalingstid på lån 2017-2020, ekskl. lån i Husbanken, skal ikkje overskrida **30** år. Nedbetalingstid på lån i Husbanken skal ikkje overskrida 25 år.
C Låneopptaka vert gjort i samsvar med retningslinjer og innanfor fullmakter i gjeldande finansreglement sist vedteke 15.06.2015.
D I medhald av forskrift om startlån frå Husbanken krev Klepp kommune inn eit administrasjonsgebyr på 0,25 % pr. utlån.
4. A Framlegg til mål 2017 vert godkjent.
B Under område økonomi vert lagt til grunn følgjande mål – i % av driftsinntektene:
 1. Netto driftsresultat i % av driftsinntektene: > 1,5 %
 2. Lånefinansiering i % av finansieringsbehov < 70 %
 3. Disposisjonsfond i % av driftsinntektene > 5 %
 4. Netto lånegjeld (langsiktig gjeld – utlån - ubrukte lån) i < 60 % av driftsinntektene

5. Kommunale avgifter/gebyr og betalingssatsar vert vedtatt i samsvar med vedlegg.
6. A Det vert gjennomført utgreiing av nytt «kommunehus» i sentrum. Utgreiinga skal omfatta fellesfunksjonar for innbyggjarane som kulturscene, bibliotek, kulturskule, servicefunksjonar, administrasjon, møterom m.m.
Innbyggjarar, lag og organisasjonar skal involverast i arbeidet.

B Lokalisering skal sjåast i samanheng med sentrumsplanen og kollektivtrafikk.

C Utgreiinga skal omfatta ein finansieringsplan kor bygget vert realisert ved frigjering av eksisterande verdiar i bygg, eigedommar og eksisterande leigeavtalar.

D Fleirbruksløyisingane kan og dekkja skulebehov og idrettshall. Middel avsett til desse kan tas med i samla finansieringsplan.

E Utredninga vert lagt frem for formannskapet innan september 2017.
Forhandlingsutvalet blir involvert i arbeidet.
7. Klepp kommune inviterer Hå kommune og Time kommune til drøfting om felles brannvern.
8. A Rådmannen får fullmakt til å flytte tilskot til flyktingar og avsetning til flyktingfond inn i ramma til Tenesteområdet helse og velferd.

B Rådmannen får fullmakt til å fordele lønnsreserver i samsvar med resultatane av lønsforhandlingane.
9. Kommunestyret ber om ei sak om korleis Klepp kommune igjennom praktiske tiltak kan leggje til rette for auka bruk av kollektiv og sykkel.
10. 1 Klepp kommune ber om å få vera med i ei prøverodning for å teste ut førarlaus bussar mellom Kleppe/Verdalen og Klepp Stasjon.

2 Klepp kommune kan vurdere å gje tilskot til kjøp av slike bussar.
11. Kommunestyret ber om at rådmannen i samarbeid med NAV oppretter praksisplassar.
12. Kommunestyret ber forhandlingsutvalet ta kontakt med Klepp kyrkjeleg fellesråd om ei mogleg samlokalisering av nye Kleppe kyrkje saman med kommunen sitt nye felleshus i sentrum.

Kommunestyret si behandling:

Nytt vedlegg:

Notat frå økonomisjefen - Konsekvensar av budsjettforliket.

Forslag frå Ane Mari Braut Nese -h

Rammetilskotet vert redusert med kr 643.000. Ramma for skule og barnehage vert redusert tilsvarande.

Forslag 1 frå Sigmund Rolfsen -a

Kommunestyret sett av 15 mill. kvart år til avlastningsbustad i 2018 og 2019.

Forslag 2 frå Sigmund Rolfsen -a

Kommunestyret ber om at styrking av tidleg innsats i skulen, 1. - 4. klasse blir vurdert i samband med tertialrapportar neste år.

Kommunestyret hadde gruppemøte.

Votering:

Forslag frå Ane Mari Braut Nese -h fekk 31 stemmer.

Forslag 1 frå Sigmund Rolfsen -a fekk 14 stemmer, frp, a, v, mdg og

Marianne Øvregaard -sp. Forslaget falt.

Forslag 2 frå Sigmund Rolfsen -a fekk 31 stemmer.

Det blei så votert over budsjett for 2017 og økonomiplan 2017-2020 punkt 1 – 14 samla, som fekk 31 stemmer.

KOMMUNESTYREVEDTAK:

Med alle stemmer blei vedtatt:

1. A Forslag til budsjett for 2017 og økonomiplan for 2017-2020 i skjema 1A, 1B, 2A, og 2B vert godkjent med innarbeida endringar.
B *Nettoramme* for kvart rammeområde for 2017 vert lagt til grunn i utarbeidinga av rammene for 2018.
2. Forskottsskatt og forskottstrekk på formue og inntekt vert rekna etter dei maksimale satsar Stortinget vedtek for 2017.
 - Skatt på inntekt 11,8 %
 - Skatt på formue 0,7 %
3. A Til finansiering av investeringar i 2017 vert det godkjent eit samla låneopptak på kr 162.102.000,- som fordeler seg slik:

1. Ordinære investeringar.....	kr 89.602.000,-
2. VAR-investeringar.....	kr 24.900.000,-
3. Bustader Husbanken.....	kr 22.600.000,-
4. Lån til vidare utlån frå Husbanken (Startlån)	kr 25.000.000,-

B Nedbetalingstid på lån 2017-2020, ekskl. lån i Husbanken, skal ikkje overskrida 30 år. Nedbetalingstid på lån i Husbanken skal ikkje overskrida 25 år.
C Låneopptaka vert gjort i samsvar med retningslinjer og innanfor fullmakter i gjeldande finansreglement sist vedteke 15.06.2015.
D I medhald av forskrift om startlån frå Husbanken krev Klepp kommune inn eit administrasjonsgebyr på 0,25 % pr. utlån.
4. A Framlegg til mål 2017 vert godkjent.
B Under område økonomi vert lagt til grunn følgjande mål – i % av driftsinntektene:
 1. Netto driftsresultat i % av driftsinntektene: > 1,5 %
 2. Lånefinansiering i % av finansieringsbehov < 70 %

3. Disposisjonsfond i % av driftsinntektene > 5 %
4. Netto lånegjeld (langsiktig gjeld – utlån - ubrukne lån) i < 60 % av driftsinntektene
5. Kommunale avgifter/gebyr og betalingssatsar vert vedtatt i samsvar med vedlegg.
6. A Det vert gjennomført utgreiing av nytt «kommunehus» i sentrum. Utgreiinga skal omfatta fellesfunksjonar for innbyggjarane som kulturscene, bibliotek, kulturskule, servicefunksjonar, administrasjon, møterom m.m. Innbyggjarar, lag og organisasjonar skal involverast i arbeidet.
B Lokalisering skal sjåast i samanheng med sentrumsplanen og kollektivtrafikk.
C Utgreiinga skal omfatta ein finansieringsplan kor bygget vert realisert ved frigjering av eksisterande verdier i bygg, eigedommar og eksisterande leigeavtalar.
D Fleirbruksløyisingane kan og dekkja skulebehov og idrettshall. Middel avsett til desse kan tas med i samla finansieringsplan.
E Utredninga vert lagt frem for formannskapet innan september 2017. Forhandlingsutvalet blir involvert i arbeidet.
7. Klepp kommune inviterer Hå kommune og Time kommune til drøfting om felles brannvern.
8. A Rådmannen får fullmakt til å flytte tilskot til flyktningar og avsetning til flyktningefond inn i ramma til Tenesteområdet helse og velferd.
B Rådmannen får fullmakt til å fordele lønnsreserver i samsvar med resultatane av lønsforhandlingane.
9. Kommunestyret ber om ei sak om korleis Klepp kommune igjennom praktiske tiltak kan leggje til rette for auka bruk av kollektiv og sykkel.
10. 1 Klepp kommune ber om å få vera med i ei prøverodning for å teste ut førarause bussar mellom Kleppe/Verdalen og Klepp Stasjon.
2 Klepp kommune kan vurdere å gje tilskot til kjøp av slike bussar.
11. Kommunestyret ber om at rådmannen i samarbeid med NAV oppretter praksisplassar.
12. Kommunestyret ber forhandlingsutvalet ta kontakt med Klepp kyrkjeleg fellesråd om ei mogleg samlokalisering av nye Kleppe kyrkje saman med kommunen sitt nye felleshus i sentrum.
13. Rammetilskotet vert redusert med kr 643.000. Ramma for skule og barnehage vert redusert tilsvarande.
14. Kommunestyret ber om at styrking av tidleg innsats i skulen, 1. - 4. klasse blir vurdert i samband med tertialrapportar neste år.
15. Forslag til budsjett 2017 og økonomiplan 2017-20 for Klepp kommune vart godkjent.